Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne
Telefon: 57643140
E-post: fmsfghe@fylkesmannen.no

Vår dato
14.07.2017
Dykkar dato
26.08.2016

Vår referanse
2016/3140- 542.1
Dykkar referanse

Havlandet Havbruk AS
Postboks 6
6901 FLORØ

Brevet vert berre send på e-post.

Bakgrunn og forklaring til løyve etter ureiningslova til Havlandet Havbruk AS for landbasert akvakulturproduksjon ved Botnaneset i Flora kommune, og varsel om sakshandsamingsgebyr.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve løyve etter ureiningslova for etablering av eit nytt landbasert matfiskanlegg ved Botnaneset. Produksjonsramma i løyvet er 200 tonn årleg biomasse. Løyve med tilhøyrande vilkår følgjer med som vedlegg. Løyvet gjeld berre saman med løyve etter akvakulturlova. Det er m.a. sett vilkår om miljøovervaking før anlegget vert sett i drift, og rapportering av utsleppsmengder. Utsleppsgrenser og reinsekrav vil bli ytterlegare konkretisert innan 1 år etter oppstart. Gebyr for sakshandsaminga er varsla til kr. 19 700,-.

Vi viser til søknad frå Havlandet Havbruk AS dagsett 26.08.2016, oversend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 30.08.2016 og seinare supplert med kommunen si handsaming og merknader til søknaden 11.10.2016. Vi har også fått kopi av Mattilsynet sitt vedtak dagsett 24.05.2017. Søknaden gjeld etablering av landbasert matfiskanlegg ved Botnaneset i Flora. Vi er lei for at det har teke lang tid å ferdigbehandle søknaden hjå oss.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve løyve etter ureiningslova for landbasert matfiskproduksjon av laks, på visse vilkår. Løyvet gjeld for ein produksjon på inntil 200 tonn årleg biomasse. Løyvet med vilkår følgjer vedlagt. Merk også at vedlegga til løyvet er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Vi ber om at vedlegget om "orientering til fylkesmannen" blir returnert hit så snart som råd.

Vi gjer merksam på at løyvet berre kan takast i bruk dersom anlegget også får løyve etter akvakulturlova frå fylkeskommunen. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter ureiningslova tillet, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing

Kort omtale av saka
Andre aktørar i området
Anlegget vil bli etablert like ved Havlandet Marin Yngel AS sitt landbaserte anlegg for marine artar på Botnaneset, og vil få felles sjøvassinntak med dei. Havlandet Marin Yngel har for tida ein produksjon på under 50 tonn årleg biomasse, men har eit tidlegare løyve etter ureiningslova til produksjon opp til 200 tonn/år. Løyvet deira må oppdaterast dersom dei vil nytte meir enn 50 tonn av denne ramma.

Lenger aust på Botnastranda har Nekst AS fått løyve etter ureiningslova til landbasert produksjon av laksefisk med inntil 20 000 tonn årleg. Løyvet er gjeve med krav om reinsing av utsleppa, i første

omgang med krav tilsvarande RAS I-resirkulering og reinsing for ein innkøyringsperiode, men på sikt er det varsla krav tilsvarande RAS II-resirkulering og reinsing som reduserer utsleppa ytterlegare.

Søknaden
Havlandet Havbruk AS søker om å få etablere eit landbasert akvakulturanlegg for produksjon av matfisk av laksefisk ved Botnaneset. Det er også planar om å etablere settefiskproduksjon på lokaliteten, men dette vert i så fall ei eiga sak seinare. Søknaden gjeld no «all in – all out»-produksjon av ca. 40 000 laks årleg, med storleik ved innsett på mellom 150-300 gram, og som skal produserast fram til matfisk på ca. 5 kg. Samla biomasseproduksjon er rekna til inntil 200 tonn årleg, og fôrforbruk for denne produksjonen er stipulert til inntil 200 tonn. All produksjonsaktivitet ved anlegget vert innandørs. Vassinntak og utsleppsområde for anlegget er Botnafjorden. Utsleppet skal gå til sjø på 18 meters djup, ca. 100 meter frå land. Anlegget skal byggjast med RAS I-resirkulering og reinsing, der avløpsvatnet vert mekanisk og biologisk reinsa med sedimentering, filtrering i trommelfilter, bioreaktor, proteinskimming og til slutt beltefilter før utslepp til sjø. Slammet som vert teke ut, berekna til om lag 130 tonn/år med 20 % tørrstoff, er planlagt å nytte til biogass.

Arealbruksplanar
Anlegget skal etablerast på eit etablert industriområde, arealet er avsett til industriføremål i kommuneplanen for Flora kommune.

Offentleg ettersyn og kommunal handsaming av søknaden
Flora kommune viser i si fråsegn frå 6.10.2016 til at det er kome inn ein merknad frå Nekst AS til søknaden. Denne gjeld om etablering av Havlandet Havbruk sitt anlegg kan forsterke smittepress og auke risikoen for Nekst sitt anlegg. Kommunen «*er generelt postitive til tiltak som kan bidra til å sikre/auke sysselsetting, verdiskaping og busetting lokalt, samt lokalt eigarskap. I dette tilfellet handlar det og om utprøving av ny og innovativ teknologi som kan bidra til å løyse fleire av dei problema som oppdrettsnæringa i dag slit med. Dette ser kommunen som svært positivt og ønskar å stimulere til slik satsing. Når det gjeld dei meir konkrete og spesifikke miljøvurderingane og avklaring omkring smittespreiing, så henviser kommunen til vurderingar av sektormynde med rett kompetanse på området, nemleg Fylkesmannens miljøvernavdeling, Mattilsynet og Fiskeridirektoratet. På bakgrunn av det ovanståande, er Flora kommune positive til at det vert gjeve løyve som omsøkt, på vilkår at dei biologiske og smittemessige forholda er avklart av nemnde sektormyndigheter.»*

Mattilsynet har i sitt vedtak om å gje løyve til etableringa, sett vilkår om desinfeksjon av avløpsvatnet frå anlegget, for å redusere fare for smitte mellom anlegga. Fylkesmannen vurderer totalbelastninga på miljøet av den samla akvakulturproduksjonen (og andre utslepp) i området som del av vurderinga av om det kan gjevast løyve etter ureiningslova.

Om aktuelt regelverk og vurderingsgrunnlag
Fylkesmannen avgjer saka etter ureiningslova, og som del av den vurderinga skal vi ta spesielt omsyn til føringane i naturmangfaldlova og vassforskrifta.

- **Ureiningslova** har som føremål *«å verne det ytre miljø mot forurensning og å redusere eksisterende forurensning, å redusere mengden av avfall og å fremme en bedre behandling av avfall. Loven skal sikre en forsvarlig miljøkvalitet, slik at forurensninger og avfall ikke fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse.»*

  Ved avgjerda om å gje løyve og ved fastsetjinga av vilkåra legg vi vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett opp mot dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg, jf. ureiningslova § 11. Fylkesmannen legg vidare til grunn kva resultat ein kan oppnå ved å

nytte beste tilgjengelege teknologi og teknikkar. Ved fastsetjinga av vilkåra for drifta er omsynet til det ytre miljøet ivareteke så langt som mogleg.

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Verksemda pliktar å halde alle utslepp på eit lågast mogleg nivå, og pliktar å rydde opp i ev. ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. også dei generelle pliktene som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

- **Naturmangfaldlova** (nml.) set forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar og inneheld ei rekkje miljøfaglege prinsipp (§§ 8-12) som skal leggjast til grunn ved all offentleg sakshandsaming som har verknad for naturmangfaldet:
  § 8 om kunnskapsgrunnlaget
  § 9 om føre-var-prinsippet
  § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning
  § 11 om tiltakshavar betaler
  § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

- Miljøtilstanden i alt vatn skal i følgje *forskrift om rammer for vannforvaltningen* (**vassforskrifta**) oppretthaldast på eit godt nivå, og vernast mot forringing. Ny påverknad i form av nye utslepp (eller auka utslepp) kan i hovudsak berre skje dersom vassførekomstane ikkje får redusert sin økologiske miljøtilstand. Vassforskrifta er førande for Fylkesmannen sine vurderingar av om nye eller endra løyve etter ureiningslova for verksemd med utslepp til vatn kan gjevast, og for enkelte av vilkåra som vert sett i utsleppsløyva.

Fylkesmannen si vurdering etter ureiningslova av denne søknaden er avgrensa til verknader av utsleppa frå akvakulturproduksjonen. Vi vurderer ureiningsverknader av normale utslepp frå drifta, slik som utslepp av fôrrestar, fiskeekskrement, vaskekjemikaliar, legemiddel, lukt, støy m.m.

Vurderinga vår av ev. andre verknader på natur, miljø og friluftsliv skal ikkje leggjast til grunn for avgjerda vår etter ureiningslova, etter dagens forvaltningspraksis og ansvarsfordeling mellom dei ulike sektormyndigheitene som handsamar akvakultursøknader. Vi gjev ei fråsegn til fylkeskommunen i eige skriv om dette, som de får kopi av.

Naturverdiar i området og miljøpåverknad frå anlegget
Marint naturmangfald og marine naturtypar er generelt dårlegare kartlagt enn tilsvarande naturverdiar på land. Fylkesatlas[1], Naturbase[2], Vann-Nett[3] og Fiskeridirektoratet si kartteneste[4] har litt informasjon og registreringar i områda rundt Botnaneset:

- Utsleppa frå det planlagde anlegget går til vassførekomsten Botnafjorden (ID-nr 0281010900-1-C i Vann-nett), som er ein beskytta kyst/fjord-vassførekomst. Registrerte påverknader er kommunalt/privat avløp og avløp frå spreidd busetnad, og utsleppet frå Havlandet Marin Yngel. Det er stor aktivitet ved Fjordbase, men ingen aktivitet som skal gje vesentleg utslepp til Botnafjorden. Når Nekst AS sitt akvakulturanlegg vert sett i drift, vil det vere dominerande påverknadskjelde. Området har ein antatt god miljøtilstand i dag, og er ikkje sett i risiko for at miljømåla etter vassforskrifta ikkje vert oppnådde i første planfase (2016-2021.

[1] https://www.fylkesatlas.no/
[2] http://kart.naturbase.no/
[3] http://www.vann-nett.no/saksbehandler/
[4] https://kart.fiskeridir.no/

- Heile fjordsystemet på nordsida av Florølandet er registrert som regionalt viktig gytefelt for kysttorsk.
- Det er registrert fleire viktige område med ålegras på nordaustsida av Brandsøy og vidare austover i Grønengsvågen. Nærmaste er ca. 2 km frå utsleppspunktet til anlegget.
- Dei grunnare områda rundt Naustholmen vest for Fjordbase er registrert som mogleg kamskjelområde.
- Øyar, holmar og skjergard vestover i fjorden er registrert som lokalt viktige friluftsområde for bading, båtutfart og fiske. Det er også nokre badeplassar på nordaustsida av Brandsøy. Alle ligg ca. 1, 5 km eller meir frå utsleppspunktet.

Produksjonen i eit landbasert akvakulturanlegg kan påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikaliar og avfall/ farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som den største potensielle ureiningsfaren.

Dei utsleppa til vatn som eit anlegg har, må kunne omsetjast av naturen etter kvart for å ikkje overbelaste miljøet. Akvakulturanlegg er difor pålagt jamleg miljøovervaking for å dokumentere utviklinga i resipienten.

Søknaden har lagt ved ein rapport etter enkel undersøking av miljøtilhøva på sjøbotn i 2014 med metodikk tilsvarande som B-undersøking etter Norsk Standard NS 9410. Undersøkt område ligg litt lenger vest enn der søknaden har kartfesta utsleppspunktet. I vårt arkiv har vi også funne undersøkingar og vurderingar av resipientkapasitet/miljøtilstand for området som er gjort i andre samanhengar: nyaste er frå søknaden til Nekst AS i 2016 og konsekvensutgreiingar i 2012 i samband med utfyllingar i sjøen lenger aust på Botnastranda, men Havlandet Havbruk AS har også gjort ei undersøking av miljøtilstanden frå ca. planlagt utsleppspunkt og utover i djupområda i fjorden i 2000. Samla sett viser undersøkingane eit ubelasta botnsediment, med god til svært god miljøtilstand for botnfauna. Det blir likevel vist til at området er prega av tersklar, og at dei djupaste områda kan ha redusert vassutskifting og avgrensa resipientkapasitet, slik at det er viktig å ikkje tilføre organiske utslepp i større mengder til desse djupområda.

Straummålingane for området ved utsleppspunktet som er vedlagt søknaden viser straum som ikkje har klar hovudretning, men likevel med ei svak overvekt av vasstransport i vest-, sørvest- og sørleg lei for dei tre måledjupa 3, 15 og 20 meter. Tidlegare undersøkingar som Havlandet Havbruk har gjort og som vi har frå vårt arkiv, viser hovudtransport av vatn sørover med låg straumfart om lag i utsleppsområdet (målt på 20 meter i 2000), eller hovudretningar hhv. mot søraust og nord på 30 og 60 meter noko lenger ut frå utsleppsområdet (målt i 2001/2002). Generelt sett viser målingar nær botn låg straumfart, mens lenger oppe i vassøyla er straumfarten relativ høg.

Eventuelle spesielle naturverdiar og dagens tilstand i miljøet rundt anlegget er ikkje undersøkt utover det som er nemnt over. Det føreligg difor ikkje detaljert kunnskap om alle sårbare artar og naturtypar som kan finnast i nærleiken, og som eit nytt utslepp potensielt kan påverke negativt. Den generelle kunnskapen om korleis eit akvakulturanlegg kan påverke naturverdiar, og kor mykje eller lite ein kan forvente at dette anlegget kan påverke sine omgivnader, er også mangelfull.

Havforskingsinstituttet oppsummerte i 2016[5] kunnskapen ein har om effektar av utslepp frå akvakulturanlegg på ulike marine naturtypar og nøkkelområde for biologisk mangfald. Dei reknar t.d. tareskog som ein relativt robust naturtype med evne til rask reetablering, medan t.d. ålegrasenger og andre grunne blautbotnområde er meir sårbare naturtypar som kan bruke lang tid på å rehabilitere

[5] http://www.imr.no/filarkiv/2016/04/effekter_av_utslipp_fra_havbruk_pa_rodlista_marine_habitat.pdf/nb-no

seg. For gyteområde vert det vist til kunnskapsmangel om korleis organiske utslepp frå akvakultur kan påverke. Ei generell vurdering er at det er mindre fare for stor negativ påverknad på artar og naturtypar når avstanden vert over ein kilometer eller meir.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for vilkår
Sjølv om det er kunnskapshol om det marine naturmangfaldet, og om verknader av akvakultur på naturmangfaldet generelt, er kunnskapsgrunnlaget likevel ikkje vurdert som så mangelfullt at Fylkesmannen ikkje kan ta stilling til denne søknaden. Men dei andre miljøfaglege prinsippa i naturmangfaldlova må leggjast vekt på når ein skal vurdere om utsleppa er forsvarlege for miljøet.

Vi har ved avgjerda av om løyve etter ureiningslova kan gjevast, og ved fastsetjinga av vilkåra, lagt vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanhalde med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil føre med seg. Ved sida av resipientvurderingar, er det eit viktig prinsipp i vår sakshandsaming at beste tilgjengelege teknikkar skal takast i bruk for å førebyggje ureining. Det vert difor stilt ei rekkje krav (vilkår for løyvet) som gjeld drifta ved anlegget. Føremålet med å setje vilkår for løyvet er å mest mogleg hindre, minimalisere og førebyggje skade og ulempe for miljøet som følgje av utslepp frå verksemda. Dette gjeld for både støy, lukt og ureining til vatn eller grunn. Utsleppa skal ikkje på nokon vesentleg måte endre naturtilstanden i miljøet i vatn eller på land. I vilkåra vert det m.a. sett krav til miljøtilstanden i resipienten. Avstanden til dei kjende spesielle naturverdiane som er registrert i nærområdet til anlegget, er såpass stor at vi ikkje forventar at drifta eller utsleppa frå anlegget skal få nemnande påverknad på desse.

Miljøgranskingane som er gjort i Botnafjorden viser samla sett gode miljøtilhøve. Vi har ikkje grunn til å forvente at dei reinsa utsleppa frå eit nytt landbasert akvakulturanlegg ved Botnaneset vil påverke miljøstanden i vassførekomsten slik at samla miljøtilstand vert endra, eller føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje let seg gjere å oppnå, jf. vassforskrifta. Vi reknar heller ikkje med at dei organiske og næringsrike utsleppa som anlegget vil ha, skal gje irreversible verknader i miljøet på kort sikt, verken isolert sett eller samla sett, når og om også Nekst AS sitt anlegg vert sett i drift. Men ettersom straumen heilt ved botn ser ut for å vere svak, og dei djupare områda i fjorden kan vere sårbare for utslepp, vil det vere viktig å overvake miljøpåverknaden over tid.

Ut frå prinsippa om økosystembelastning og miljøforsvarlege teknikkar i naturmangfaldlova, må drifta følgjast opp med miljøovervaking for å kunne fange opp eventuell negativ utvikling tidleg nok til at tiltak kan setjast inn, og miljøskade unngåast. Sjå meir om dette under avsnittet Miljøtilstand og overvaking lenger nede.

Produksjonsforhold og drift
Anlegget vil ha resirkulering av vatn, noko som krev fleire typar vassbehandling og reinsing for at vatnet skal kunne brukast inn att i produksjonen. Reinsinga vil ut frå omtalen i søknaden verte rimeleg god. Søknaden har rekna ut utsleppsmengder for fosfor og nitrogen etter reinsinga, men ikkje for organisk stoff, og heller ikkje sagt så mykje om total forventa oppnådd reinsegrad for den reinsinga som anlegget planlegg. Kravet som er sett i løyvet, er at anlegget skal bruke best tilgjengeleg teknologi, og redusere utsleppa så mykje ein kan, innanfor rimelege grenser. I nyare løyve til landbasert akvakultur er det eit mål å sette konkrete utsleppgrenser og krav til reinsegrad, dette let seg vanskeleg gjere utan noko meir grunnlagsdata frå søkjar. Vi set difor utsleppsgrense for fosfor og nitrogen i avløpsvatnet som eit første krav no, men føreset tett dialog vidare om dette. Det er sett vilkår om utsleppkontroll der utsleppa til vatn vert målt eller berekna, og å gje tilbakemelding til Fylkesmannen seinast innan eitt år etter oppstart med slike opplysningar, slik at meir konkrete utleppsgrenser og krav til reinseeffekt kan takast inn i løyvet. Tilsvarande vert også gjort for fleire

andre anlegg som får nye løyve i år, slik at det også vert mogleg å sikre likebehandling for dei krava som vert gitt.

Det kan vere vanskeleg å dokumentere oppnådd reinsegrad eller totale utslepp utelukkande gjennom prøvetaking av avløpsvatnet. Dette gjeld spesielt når utsleppa er tynt fordelt i store volum vatn. Låge måleverdiar med relativt stor måleusikkerheit, vert ganga opp med store vassmengder og gjev svært usikre sluttresultat. Som ei prøveordning har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland i fellesskap valt å opne for ei anna tilnærming: Med utgangspunkt i fôrsamansetjinga, fôrforbruket og produksjonen målt som fiskebiomasse, kan ein berekne brutto produksjon av avfallsstoff i anlegget. Ved hjelp av mengdene slam som er fjerna frå avløpsvatnet og analyse av innhaldet i slammet reknar ein vidare ut reinseeffekten til reinseanlegget og dei totale utsleppa til sjø:

Innhaldet av N-tot, P-tot og TOC i fôret som er brukt
– Innhaldet i produsert biomasse av fisk
– Innhaldet i oppsamla slam
= Utslepp til miljøet

Ramma for løyvet regulerer både produksjons- og utsleppsmengder. Produksjonsavgrensinga for fisk er sett som total mengd biomasse produsert per år, altså inkludert all fisk som dør eller vert destruert undervegs i produksjonsperioden. Talet og individstorleiken til fisken er av mindre interesse enn biomassen for utsleppa og miljøverknadene vi skal regulere. Ved vesentlege endringar i drifta skal Fylkesmannen varslast, slik at vi kan vurdere om det er trong for å endre løyvet.

Produksjons- og utsleppsdata skal rapporterast årleg til Fylkesmannen, innan 1. mars. Frist og omfang av rapporteringa kan bli endra dersom det vert sett felles rapporteringskrav gjennom Altinn, eller om behovet for data om drifta endrar seg.

Løyvet omfattar «vanlege» utslepp frå biologisk produksjon av fisk, dvs. ikkje slakting, sløying eller vidareforedling av fisk.

Miljøtilstand og overvaking
Verksemda pliktar å skaffe så godt oversyn som praktisk mogleg over eigne utslepp, og verknadane av utsleppa. Overvaking av miljøtilstand og mogleg endring av tilstanden i resipienten vil avgjere om utsleppa kan vere forsvarlege også i framtida. Det vil seie at verksemda må etablere eit program som dokumenterer at utsleppa frå anlegget vil vere forsvarlege, både i høve til djupområde, overflatelag og stranda i nærområdet til anlegget, og resipienten elles. Miljøtilstanden i resipienten skal oppretthaldast på eit tilfredsstillande nivå (vilkår 11). I vilkåra har vi sett krav om at miljøtilstanden over tid i sedimenteringsområde for utsleppa ikkje skal vere dårlegare enn klasse II «god».

Nokre viktige punkt som gjeld miljøovervakinga er nemnt i vilkår 11.2 i løyvet, mellom anna er det sett nokre minstekrav for miljøgranskingar og overvakingsprogram:

- Overvakingsprogrammet skal godkjennast av Fylkesmannen. Fylkesmannen skal også godkjenne eventuelle seinare endringar i programmet.
- Miljøovervakinga skal femne om anlegget sine nærområde i strandsona, overflatevatnet i influensområde, og djupvatn, blautbotnfauna og sediment i sedimenteringsområde.
- Overvaking av sediment og botnfauna med omsyn på eventuell akkumulering av organisk materiale skal tilfredsstille krav i Norsk Standard NS-EN ISO 16665 *Retningslinjer for kvantitativ prøvetaking og prøvebehandling i marin bløtbunnsfauna*. Overvakinga skal gjennomførast minst

kvart 5. år ved utsleppspunktet og i ein gradient ut frå dette punktet. Det skal etablerast faste overvakingsstasjonar som kan følgjast over tid. Det må takast omsyn til straumtilhøve og forventa spreiing av utslepp ved val av desse.
- Første overvakingsrunde skal gjennomførast før anlegget vert teke i bruk.
- Rapportar frå miljøgranskingar skal i vise utvikling sidan siste gransking og trendar over tid.

Undersøkingsnivået må elles ha eit klårt fokus på at granskingane har som formål å dokumentere miljøeffektar av utsleppa frå anlegget, utstrekninga til effektane, og i den grad det er mogeleg også utviklingstrendar. Granskingane skal elles vere tilpassa utsleppa verksemda har, og ein kan eventuelt samarbeide med andre som har utslepp til same område.

Konklusjon
Søknaden er vurdert i høve til føringane i vassforskrifta, naturmangfaldlova og ureiningslova. Etter vår vurdering er det ikkje truleg at den omsøkte etableringa av landbasert akvakulturproduksjon, med dei vilkåra som er sett, vil føre til endring av tilstandsklassa i vassførekomsten totalt sett, eller skade kjende sårbare naturverdiar.

Fylkesmannen meiner at søknaden er godt nok opplyst til at vi kan handsame saka etter ureiningslova, jf. nml. §§ 8-10. Vi finn at nytt løyve etter ureiningslova for utslepp av næringssalt, organisk stoff m.m. frå akvakultur ved Botnaneset, med dei vilkåra som er sett (jf. nml. § 12), ikkje vil vere i strid med føringane som er gitt i naturmangfaldlova.

På bakgrunn av søknaden og etter ei vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold innafor Fylkesmannen sitt sektoransvar, har vi kome til at det kan gjevast løyve etter ureiningslova ved Botnaneset, på nærare spesifiserte vilkår. Vi har lagt vekt på at det skal nyttast best tilgjengeleg teknologi og at miljøtilstanden i område som kan verte påverka skal følgjast tett.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller er presiserte eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i løyvedokumentet.

Varsel om gebyrbetaling
Ureiningsforskrifta kapittel 39 inneheld gjeldande regelverk for innkrevjing av gebyr for Fylkesmannen sitt arbeid med løyve etter ureiningslova og oppfølging av dette (tilsyn). Søknaden om nytt utsleppsløyve er løyvearbeid etter ureiningslova som det skal betalast gebyr for. Ressursbruken knytt til saksbehandlinga er lagt til grunn ved valet av gebyrsatsen.

Gebyrsatsane i forskrifta er endra frå 01.01.2017. Ettersom aktuell sats i 2017 utgjer eit litt lågare beløp enn i 2016 (pga. ei ny oppdeling i «steg» mellom satsane), bruker vi no gebyrbeløpet ved tidspunktet for vårt vedtak, altså 2017, og ikkje ved søknadstidspunktet, som har vore vanleg praksis hjå oss tidlegare.

På grunnlag av arbeidsmengda som søknaden om løyve om etablering av landbasert matfiskanlegg ved Botnaneset medfører for Fylkesmannen, varslar vi at gebyret vil bli fastsett til sats 6, jf. ureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Det vil seie at det skal betalast eit gebyr på kr 19 700.

De har høve til å komme med merknader til varselet om gebyr. Dersom vi ikkje mottek merknader innan tre veker, vert det gjort vedtak i samsvar med varselet.

Risikoklasse

Anlegget ved Botnaneset er ut frå ei samla vurdering av risikopotensialet ved denne typen verksemder, og opplysningane som ligg føre om utsleppa, utsleppsstaden og miljøtilstanden i resipienten plassert i risikoklasse 4, jf. § 39-3 i ureiningsforskrifta.

Risikoklassifiseringa er eit uttrykk for ureiningspotensialet som ligg føre, og er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Plasseringa i risikoklasse gjev føringar for den rutinemessige formelle kontakten mellom Fylkesmannen og verksemda framover. Klassifiseringa har m.a. innverknad på kor ofte Fylkesmannen er venta å gjennomføre tilsyn med verksemda.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll

Det er ein føresetnad at verksemda har ein internkontroll som tek omsyn til verksemda sine plikter for å hindre ureining av ytre miljø, og som sikrar at verksemda oppfyller dei krava som går fram av lover, forskrifter og løyvet.

Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta) er eit felles regelverk for tilsynsetatane som er kjent som HMS-etatane. Regelverket og korleis ein generelt må arbeide for å stette krava, er nærare omtalt på www.regelhjelp.no . Krava om tiltak for "ytre miljø" (tiltak for vern mot ureining og ei betre handtering av avfall) gjeld alle verksemder som har minst ein tilsett. Plikta til internkontroll som gjeld det ytre miljøet er difor presisert i vilkåra. Forskrifta omtalar kva for oppfølging av krav som må dokumenterast skriftleg, og korleis ein bør organisere arbeidet.

Andre viktige miljølovkrav

Vi gjer spesielt merksam på at mange krav til verksemda går direkte fram av lov/forskrift og vert ikkje gjentekne som vilkår i det vedlagte løyvet. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda m.a. å følgje krava i ureiningslova og produktkontrollova, og forskriftene som er heimla i desse lovene. Når enkelte lovkrav er spesielt nemnde, har vi meint å informere verksemda og ålmenta om spesielt viktige krav, og i nokre høve presisere og tilpasse generelle reglar til verksemda. Ved tvil om tolking gjeld likevel krav i lovverket over vedtak i løyvet, dersom lovteksten ikkje gir styresmakta heimel til særskild unntak eller skjerping. Nettstaden www.regelhjelp.no gir oversikt over dei viktigaste ureinings- og avfallshandteringskrav til ei rekkje bransjar/verksemder i Norge, inkludert akvakultur.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrollova, samt forskrifter fastsette i medhald av desse lovene, er straffbart.

Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale. Ureiningsstyresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regelverket. For andre brot på regelverket – og som verksemda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også sørgje for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar
Eit løyve etter ureiningslova avgrensar ikkje på nokon måte andre, privatrettslege nærings- eller grunneigarrettar som nokon måtte ha i omsøkt område. Eventuell etablering og oppstart av omsøkt produksjon bør difor berre skje dersom søkjar elles har sikra at det ikkje er konflikt med andre private rettar.

At ureininga er tillaten, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Klagerett
Fylkesmannen sitt vedtak, herunder fastsetjing av risikoklasse eller vilkår i løyvet, kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er på tre veker, og tek først til å gjelde etter at avgjerda frå fylkeskommunen i høve til akvakulturlova er klar.

Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, med kopi til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaka vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige initiativ avgjere at vedtak ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Offentleggjering av løyvet
Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta; kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven.

Vedtaket vert kunngjort på Fylkesmannen sine nettsider, www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:
1 Havlandet Havbruk AS - løyvedokument lok. Botnaneset - 200 tonn biomasse per år
2 Skjema "Orientering til Fylkesmannen…" (utfylt skjema skal sendast i retur til Fylkesmannen)

Kopi til:
Sogn og Fjordane fylkeskommune (EDU)
Flora kommune (EDU)
Fiskeridirektoratet, Region vest (e-post)
Mattilsynet Region Sør og Vest, avd. Sunnfjord og Sogn (e-post)
Nekst AS v/ Martin Ramsdal (e-post)

Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

Løyve etter ureiningslova til anlegg for landbasert akvakulturproduksjon ved Botnaneset – Havlandet Havbruk AS

Løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad dagsett 26.08.2016, og opplysningar framkomne under behandlinga av søknaden. Vilkåra for løyvet står på side 4-18.

Verksemddata

Akvakulturlokalitet[1]	**xxxxx Botnaneset***	
Produksjonsramme	**200 tonn/år, landbasert produksjon av matfisk av laks**	
Kommune og fylke	Flora i Sogn og Fjordane	
Gards- og bruksnr.	26/475	
Verksemd	Havlandet Havbruk AS	
Postadresse	Postboks 6, 6901 Florø	
Org. nummer	982 094 003 (føretaksnr.)	(bedriftsnr.)
NACE-kode	03.211 Produksjon av matfisk og skalldyr i hav- og kystbasert fiskeoppdrett	

* ikkje fastsett enno

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje	Risikoklasse
16/3140 – 542.1	1401.xxxx.xx*	2017.xxxx.T*	Akvakultur	4
Kartreferanse (UTM 32, EUREF89)	Kartblad (32V)	Vassdragsnr. (REGINE)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
292390 6837050	1118-3 Florø	085.71	0281010900-1-C Botnafjorden	Sunnfjord

* ikkje fastsett enno

Løyve er gjeve: 14.07.2017	Siste revisjon etter § 18 i ureiningslova: -	Dato for siste endring: -
Nils Erling Yndesdal fylkesmiljøvernsjef	Gunn Helen Henne senioringeniør	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopiadressatar: Sjå liste i oversendingsbrevet.

[1] Jf. akvakulturregisteret, http://www.fiskeridir.no/register/akvareg/

Endringslogg

Endringsnr.	Endringsdato	Punkt	Kommentar

Innhald

Endringslogg 2
Føresetnader 4
1. Produksjonsforhold 4
2. Generelle vilkår 4
2.1. Avgrensing av utslepp 4
2.2. Plikt til å rette seg etter grenseverdiar 5
2.3. Plikt til å redusere ureining så langt som råd 5
2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald 5
2.5. Plikt til tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold 5
2.6. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø 5
2.7. Nærmiljø 6
3. Utslepp til vatn 7
3.1. Utsleppsmengder 7
3.2. Utsleppsreduserande tiltak 7
3.2.1. Vassforbruk/avløpsmengd 7
3.2.2. Fôring 7
3.2.3. Reinseanlegg 7
3.3 Utsleppsstad 8
3.4 Overflatevatn 8
4. Lukt 8
5. Ureina grunn og sediment 8
6. Støy 9
6.1. Utsleppsgrenser 9
6.2. Dokumentasjon på støynivå 9
7. Kjemikal 10
8. Avfall 10
8.1. Generelle krav 10
8.2. Farleg avfall 10
8.3. Organisk produksjonsavfall 11
8.4. Medisin og kjemikalrestar 11
9. Beredskap mot akutt ureining 11
10. Utsleppskontroll og måleprogram 11
10.1 Kartlegging av utslepp 11
10.2 Utsleppskontroll 12
10.3 Måleprogram og berekningar av utslepp 12
10.3 Kvalitetssikring 12
10.4 Rapportering til Fylkesmannen 13
11. Miljøtilstand og overvaking av resipienten 13
11.1 Krav til miljøtilstand 13
11.2 Krav til overvaking 13
10.3 Rapportering til Fylkesmannen 14
12. Større endringar 14
12.1. Endringar og utskifting av utstyr 14
12.2. Eigarskifte 14
12.3. Nedlegging eller lengre driftsstans 15
13. Tilsyn 15
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1. 16
VEDLEGG 2 - Definisjonar 18

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter ureiningslova tillet, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter ureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra til løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at vi kan vurdere eventuelle endringar eller attendetrekking, jf. ureiningslova § 20.

1. Produksjonsforhold

Løyvet gjeld ureining frå landbasert akvakulturproduksjon av matfisk av laks ved Botnaneset i Flora kommune.

Løyvet gjeld for ein produksjon på inntil 200 tonn total biomasse av matfisk per år.

Ved endringar i høve til dette skal verksemda søke om endring av løyvet.

Verksemda er plassert i risikoklasse 4.

2. Generelle vilkår

2.1. Avgrensing av utslepp

Utsleppskomponentar frå verksemda som er vurdert å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalt eller regulert i vilkåra i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller på annan måte må ha vore kjend når dette løyvet vart vedteke. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

2.2. Plikt til å rette seg etter grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast, for dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innafor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er normalt for vanleg drift i ei slik grad at dei kan gje auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3. Plikt til å redusere ureining så langt som råd

All ureining frå verksemda, herunder utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogeleg avfallshandtering. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået i høve til det som er lagt til grunn for løyvet, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr. System og rutinar for vedlikehald av utstyr som ved svikt kan gje negativ effekt på miljøet, skal vere dokumentert.

2.5. Plikt til tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining, skjemmande aktivitetar eller liknande, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka ureiningsfaren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal straks informere[2] Fylkesmannen

- når det oppstår unormale driftsforhold som kan gje synleg/merkbar ureining i strandsona eller elles i anlegget sitt nærområde,
- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at utslepp til omgjevnadane av støy, støv eller lukt er høgare enn normalt,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra over lenger tid eller på annan måte enn normalt.

For uønskte hendingar skal verksemda ha eit dokumentert system for registrering og eiga oppfølging. Plikta gjeld både for interne meldingar og melding/klage frå andre. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hending, og omtale tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking.

2.6. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Verksemda bør som del av sin internkontroll halde seg oppdatert på kva som til ei kvar tid er beste tilgjengelege teknologi for bransjen[3].

---

[2] Merk at verksemda også har varslingsplikt etter *forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning* av 09.07.1992, nr. 1269

[3] Omgrepet beste tilgjengelege teknologi/ BAT ("best available techniques") og krav til slik teknologi er i utgangspunktet knytt til EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED-direktivet, *directive 2010/75/EU on industrial*

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse[4] av aktiviteten sin. Analysen skal omtale alle forhold ved anlegget som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem på verksemda sitt areal eller utanfor. Ved endringar skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Med grunnlag i analysen skal verksemda vurdere risiko, fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet, og iverksette nødvendige risikoreduserande tiltak. Fylkesmannen kan overprøve verksemda sine vurderingar og konklusjonar.

Verksemda sin internkontroll[5] for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risikovurderingane, krav i dette løyvet og relevante krav elles etter ureiningsregelverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift. Oppdatert dokumentasjon skal bidra til å sikre at verksemda til ei kvar tid stetter krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova[6] og dei relevante forskriftene til desse lovene.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane (sjå vedlegg 2) som kan bli truga av ureining frå sin aktivitet, og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

Verksemda skal ha ein representant som er ansvarleg i høve til krava i dette løyvet og generelle krav i ureiningslova med forskrifter, samt skal syte for overvaking og vedlikehald av internkontrollen når det gjeld det ytre miljøet. Den ansvarlege for løyvet skal returnere utfylt skjema til Fylkesmannen (jf. vedlegg "orientering til Fylkesmannen". Endringar i opplysningane i skjemaet skal straks meldast til Fylkesmannen ved innsending av nytt skjema[7] eller på e-post til fmsfpost@fylkesmannen.no

2.7. Nærmiljø

Verksemda skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av drifta (utslepp til vatn og luft, lukt, støy, støv, skadedyr, framande artar (sjå vedlegg 2), m.m.) vert redusert til eit minimum. Som nærmiljøet til verksemda reknast folk, tamme og ville dyr, fuglar, planter og anna liv på land og i vatn, samt spesielle natur- og landskapselement som måtte finnast nær ved anlegget.

Alt av innsatsstoff, kjemikal, drivstoff, medisin, avfall, m.m. som kan utgjere ein ureiningsfare ved anlegget, eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet, skal lagrast forsvarleg og vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Sikringa kan m.a. vere tilstrekkeleg inngjerding/ innebygging, container eller tett lagertank.

Alle lagertankar for flytande stoff som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet, skal sikrast mot overfylling og lekkasje. Dersom tankvolumet har større kapasitet enn 1 000 liter skal sikringa minst ha oppsamlingsvolum tilsvarande kapasiteten på tanken pluss 10%.

---

emissions (integrated pollution prevention and control)), som akvakultur per i dag ikkje er omfatta av. Ureiningslova § 2, 1. ledd pkt. 3 viser til liknande generell retningsline på ureiningsområdet som vil gjelde alle verksemder: *"For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut fra en samlet vurdering av nåværende og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater."* BAT-dokumentasjon for akvakultur ligg føre frå Nordisk Ministerråd i rapporten TemaNord 2013:529, *Bat for fiskeopdræt i Norden*, www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529

[4] Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

[5] Jf. *forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta) av 06.12.1996, nr. 1127

[6] *Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrollova) av 11.06.1979, nr. 79

[7] Skjemaet ligg ute på våre nettsider www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/

For lagring av farlege kjemikal eller farleg avfall i tank som ikkje er grave ned, gjeld elles krava i kapittel 18 i ureiningsforskrifta.

3. Utslepp til vatn

Drifta skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet ut over det som vert tillate i dette løyvet.

3.1. Utsleppsmengder

Utsleppa skal reduserast i så stor grad som teknisk og økonomisk mogleg.

Tabell 1. Samla utsleppsmengder til sjø.

	Utsleppskomponent	Utsleppgrense (mengd/år)
Organisk stoff	Totalt organisk karbon, TOC	Ikkje fastsett enno*
Næringssalt	Total nitrogen, N-tot	12 tonn
Næringssalt	Total fosfor, P-tot	270 kg

**Utsleppsgrensene for organisk stoff vert fastsett av Fylkesmannen seinast innan 1 år frå løyvet vert teke i bruk.*

Det er førebels ikkje sett utsleppsgrenser for utsleppa til vatn av organisk stoff. Det blir ikkje sett direkte utsleppsgrener for kjemikal og legemidlar m.m. frå produksjonen. Utsleppa er, i tillegg grensenen som er sett for utslepp av næringsstoff, indirekte avgrensa gjennom ei produksjonsramme (pkt. 1), krav til drifta (pkt. 2 og 3.2) og krav til miljøtilstanden i resipienten (pkt. 11.1).

Det er sett vilkår (pkt. 10) om måling/berekning av utsleppa frå anlegget, som skal legge grunnlag for å fastsetje meir konkrete utsleppgrenser for organisk stoff (totalt organisk karbon, TOC) innan 1 år etter oppstart.

For utslepp av ev. oljehaldig avløpsvatn til sjø skal oljeinnhaldet vere under 50 mg/l.

3.2. Utsleppsreduserande tiltak

3.2.1. Vassforbruk/avløpsmengd

Forbruket av vatn i anlegget skal i så stor grad som teknisk og økonomisk mogeleg tilpassast anlegget sitt faktiske behov i produksjonen, ein størst mogleg reinseeffektivitet i reinseanlegga og god spreiing av avfallsstoffa i utsleppet til sjø.

Mengd avløpsvatn som vert sleppt til sjø skal målast eller bereknast.

3.2.2. Fôring

Tap og spill av fôr skal reduserast mest mogleg. Fisken skal ikkje fôrast på ein slik måte at det kan gje auka skade eller ulempe for det ytre miljø.

3.2.3. Reinseanlegg

Før utslepp til resipienten skal alt avløpsvatnet frå produksjonen reinsast. Det er førebels berre sette konkrete reinsekrav til reinseprosessar og -innretningar for fosfor, sjå tabell 1 under. Reinsegraden skal likevel bereknast for alle utsleppskomponentane, med utgangspunkt i målt eller berekna totalproduksjon av dei ulike komponentane i akvakulturproduksjonen, og midlast over den samla årsproduksjonen av avfallsstoff i avløpet.

Det er sett vilkår (pkt. 10) om måling/berekning av utsleppa frå anlegget, som skal legge grunnlag for å fastsetje meir konkrete krav til reinsegrad for næringsstoff (total nitrogen og fosfor, N-tot og P-tot) innan 1 år eter oppstart.

Tabell 2. Reinsekrav for avløp.

	Utsleppskomponent	Reinsekrav	Midlingstid
Organisk stoff	Totalt organisk karbon, TOC	Ikkje fastsett enno*	1 år
Næringssalt	Total nitrogen, N-tot	Ikkje fastsett enno*	1 år
Næringssalt	Total fosfor, P-tot	Ikkje fastsett enno*	1 år

**Reinsekrava for organisk stoff og næringssalt vert fastsett av Fylkesmannen seinast innan 1 år frå løyvet vert teke i bruk.*

3.3 Utsleppsstad

Avløpsvatnet skal førast til resipienten i Botnafjorden på ei djupne og på ein slik måte at innblanding i vassmassane vert best mogeleg. Ved plassering av utsleppspunkt må det takast omsyn til botn- og straumtilhøva for å sikre minst mogeleg negative effektar både ved utsleppsstaden og elles i resipienten. Ureina vatn skal ikkje bli ført attende til strandsona.

Fylkesmannen skal haldast informert om posisjon og djupne for utsleppspunkt.

3.4 Overflatevatn

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet.

4. Lukt

Luktutslepp frå produksjons- og lagerområde m.m. som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av utstyr, drift av reinseanlegg og anlegg for behandling og lagring av slam, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

5. Ureina grunn og sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til grunnen som kan medføre nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda pliktar å ha oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på verksemda sitt område, og eventuell ureina sediment i sjøområda utanfor. Dette omfattar også å ha oversikt over faren for spreiing, og vurdere behov for undersøkingar eller tiltak. Dersom undersøkingar eller andre tiltak er nødvendig, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Utfylling, graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke ureina grunn eller ureina sediment, treng eige løyve etter ureiningslova frå Fylkesmannen, eventuelt godkjenning frå kommunen[8].

[8] Jf. ureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydning i ureina grunn ved bygge- og gravearbeider og ureiningsforskrifta kapittel 21.

6. Støy

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje medfører nemnande støyulempe for omgivnaden. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16. Planlagt støyande aktivitet utanom dette skal varslast til Fylkesmannen og nabolag, jf. pkt. 2.5.

6.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy per driftsdøgn ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Tabell 3. Støygrenser.

Kvardagar	Laurdag	Sun- og heilagdag	Kveld (1900 – 2300), kvardag	Natt * (2300 – 0700), alle døgn	Natt (2300 – 0700), alle døgn
55 dB (A) L_{den}	50 dB (A) L_{den}	45 dB (A) L_{den}	50 dB (A) $L_{evening}$	45 dB (A) L_{night}	60 dB (A) L_{AFmax}

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

For eventuelle rekreasjonsområde som må sjåast på som stille område, skal støy ikkje overstige 45 dB(A) utrekna som L_{den} midla over døgnet.

Dersom støyen inneheld reintonelyd eller impulslyd, skal grenseverdiane for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Alle støygrenser skal haldast i alle driftsdøgn.

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet, spyling av utstyr og lossing/lasting av fisk, fôr og anna. Støy frå mellombels byggje- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar, som vert etablert etter støygrensene i dette løyvet tok til å gjelde.

Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi.

6.2. Dokumentasjon på støynivå

Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut støy over tillatne grenseverdiar. Verksemda pliktar å dokumentere støynivåa dersom det vert gitt nærare krav frå Fylkesmannen.

7. Kjemikal

Ved bruk av legemiddel og andre miljøskadelege kjemikal skal verksemda vise særleg aktsemd, slik at utslepp til og eventuell skade på det omkringliggjande miljøet vert minst mogleg.

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining, skal verksemda dokumentere at det er gjennomført ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også regelverket om internkontroll.

Verksemda pliktar å ha ha eit system som dokumenterer at det blir gjort løpande vurderingar av om helse- og miljøskadelege kjemikal kan skiftast ut med mindre skadelege kjemikal (substitusjon)[9]. Det skal finnast ei oppdatert vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikala som vert nytta, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, omsetjast eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket[10], biocidregelverket[11] og anna regelverk som gjeld for kjemikal.

8. Avfall

8.1. Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg, med best tilgjengeleg teknologi og utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av drifta. Innhaldet av skadelege stoff i avfallet skal avgrensast mest mogleg.

All handtering av avfall skal skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta[12].

Avfall som oppstår i verksemda skal søkast gjenbrukt i eigen eller andre verksemder sin produksjon. Avfall som ikkje kan gjenbrukast, skal førebuast for materialgjenvinning. Brennbart avfall som ikkje praktisk kan førebuast for gjenvinning skal søkast nytta til energiproduksjon. Brenning av avfall er ikkje tillate, utan at det skjer i forbrenningsomn med særskild løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.

Avfall som ikkje vert gjenbrukt eller gjenvunne internt, skal leverast vidare til godkjent mottak[13]. Det er ikkje tillate å grave ned avfall eller dumpe avfall i sjøen.

8.2. Farleg avfall

Levering av farleg avfall skal skje minst årleg (når det oppstår 1 kg eller meir farleg avfall) og skal deklarerast gjennom www.avfallsdeklarering.no .

---

[9] Jf. *lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrollova) av 11.06.1976 nr. 79, § 3a om substitusjonsplikt.

[10] *Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier* (REACH) av 30.05.2008 nr.516.

[11] *Forskrift om godkjenning av biocider og biocidprodukter* (biocidforskrifta) av 18.12.2003 nr. 1848.

[12] *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) av 01.06.2004 nr. 930.

[13] Jf. *lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13.03.1981 nr. 6 (ureiningslova), § 32 om næringsavfall.

Sikringstiltak for lagring av farleg avfall skal baserast på ei risikovurdering. Som eit minimum skal lagring av farleg avfall skje under tak, og lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Lagertankar for flytande avfall er omtalt i pkt 2.6. Anna lagring av farleg avfall skal skje på fast dekke med fall mot tett oppsamling. Lagra farleg avfall skal vere varig merkt med avfallstype. Ulike fraksjonar av farleg avfall skal ikkje blandast saman, og farleg avfall skal ikkje blandast med anna avfall.

8.3. Organisk produksjonsavfall

Organisk produksjonsavfall som død fisk, fôrrestar, slam m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere større mengder produksjonsavfall som følgje av uhell som t.d. driftsstans på utstyr, sjukdom eller anna.

Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og førast til eige lager.

Oppsamla organisk avfall som ikkje inneheld antibiotika eller andre legemiddel, skal så langt mogleg utnyttast til fôrprodukt og gjødsel/jordforbetringsmiddel eller biogass/energiføremål, og skal handsamast i høve til gjeldande regelverk[14] på dette området.

Eventuell død fisk og anna avfall eller slam som inneheld antibiotika eller andre legemiddel skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

8.4. Medisin og kjemikalrestar

Unytta restar av medisinfôr, legemiddel, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje, må samlast og lagrast forsvarleg før det blir levert til produsent eller annan godkjent mottakar.

9. Beredskap mot akutt ureining

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling eller skjemmande forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempene som kan skje. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gang pr. år.

10. Utsleppskontroll og måleprogram

10.1 Kartlegging av utslepp

Verksemda pliktar å systematisk kartlegge alle sine utslepp.

I god tid før det har gått eitt år etter oppstart av anlegget skal målingar eller berekningar for anlegget sine utslepp til vatn og reinseanlegga sin reinseffekt sendast inn til Fylkesmannen, slik at konkrete utsleppsgrenser og krav til reinseeffekt kan fastsetjast, jf. pkt. 3.1 og 3.2.3.

[14] *Forskrift om transport og behandling av animalsk avfall, og anlegg som behandler animalsk avfall*, *forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav*, og anna relevant regelverk.

10.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal gjennomføre målingar og berekningar av utsleppa til vatn. Utrekningane av årlege utslepp skal vere baserte på fôrforbruk, biologisk produksjon av fisk og produksjon av slam. Det skal gjerast målingar eller berekningar av mengd avløpsvatn og produsert slam, og analyser av innhaldet av nitrogen (N-tot), fosfor (P-tot) og organisk stoff (total organisk karbon, TOC) i slammet, jf. vilkår 3.

Målingar og utrekningar skal vere representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal som minimum omfatte:

- Komponentar som uttrykkeleg er regulert gjennom grenseverdiar i løyvet eller forskrifter.
- Eventuelle andre komponentar som er omfatta av rapporteringsplikt, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar til eigenrapportering frå verksemder. Rettleiaren er lagt ut på www.miljodirektoratet.no.

For utslepp til luft og støy må målingar eller berekningar gjennomførast ved behov eller etter særskilt krav frå Fylkesmannen.

10.3 Måleprogram og berekningar av utslepp

Utsleppsmengder kan bereknast frå data om produksjonsmengd, fôrforbruk, slammengder reinsa ut frå avløpsvatnet og slammet sitt innhald. Alternativt må utsleppsmengdene dokumenterast med utsleppsmålingar av innhaldet i avløpsvatnet og avløpsvolum.

Verksemda sin dokumenterte internkontroll skal inkludere eit måleprogram med bakgrunnen for utrekningane av utslepp. Måleprogrammet skal beskrive dei ulike trinna i målingane og berekningane og grunngje metodane som er valde. Det skal gå fram av måleprogrammet kva usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir.

Måleprogrammet må minst omfatte omtale av:

- Val av prøvetakingspunkt, -metodar, -tider og -frekvensar som gir representative prøvar
- Korleis utrekningar av reinsegraden for utsleppa til sjø vert gjort
- Korleis utrekningar av totale utsleppsmengder til sjø vert gjort
- Korleis usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i utsleppskontrollen (prøvetaking – analyse – avløpsmengd – utrekning av utslepp) er vurdert, og korleis verksemda har redusert den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå.

10.3 Kvalitetssikring

Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføring er forsvarleg kvalitetssikra, m.a. ved å:

- Utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst Norsk Standard for dei aktuelle målingane, kan internasjonal standard nyttast. Fylkesmannen kan ev. etter søknad godkjenne at annan metode vert nytta dersom særlege omsyn tilseier det.
- Bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og/eller analyser vert utført av eksterne. Tenesteytar skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta.

I tilfelle der verksemda sjølv tek ut prøver og sender dei til akkreditert laboratorium, skal dette på førehand vere avklart skriftleg med laboratoriet. Verksemda skal då ha fått naudsynt opplæring i uttak og vidare handtering av prøvane av akkreditert tenesteytar.

10.4 Rapportering til Fylkesmannen

Innan 01.03. kvart år skal følgjande data frå året før rapporterast til Fylkesmannen:

- biomasseproduksjon
- fôrforbruk
- slammengder
- utsleppsmengder totalt og per tonn fisk produsert
- reinsegrad for utsleppa til sjø

11. Miljøtilstand og overvaking av resipienten

11.1 Krav til miljøtilstand

Verksemda skal ha oppdatert kunnskap om miljøpåverknaden frå eigen aktivitet og oversikt over annan relevant miljøinformasjon, herunder viktige eller verdfulle miljøressursar (sjå vedlegg 2) i nærleiken, som drifta ved anlegget kan påverke.

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje let seg gjere å oppnå, eller at miljøtilstanden vert redusert, jf. vassforskrifta[15] og tilhøyrande klassifiseringsrettleiar[16] for miljøtilstand.

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at gravande dyr ikkje kan eksistere ved eller i nærsona til utsleppsstaden for avløpsvatnet. Utslepp skal heller ikkje gje nemnande reduksjon i naturmangfaldet i nærleiken av anlegget. I sedimenteringsområde for utslepp frå anlegget skal miljøtilstanden over tid ikkje vere dårlegare enn klasse II «god» (jf. klassifiseringsrettleiaren for miljøtilstand) når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og den skal ikkje ha ei negativ utvikling.

Overflatevatnet i influensområde kring anlegget skal om sommaren ikkje ha miljøtilstand som er dårlegare enn naturtilstandsklassa for området.

Strandsona i nærområda til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av utslepp eller anna ureining frå anlegget.

11.2 Krav til overvaking

Verksemda skal syte for overvaking av effektar av utsleppa til sjø etter eit risikobasert overvakings-program. Miljøovervakinga skal i størst mogeleg grad skje i samsvar med nasjonale standardar, føringar i vassforskrifta og rettleiaren for klassifisering av miljøtilstanden i vatn. Miljøovervakinga skal gjennomførast jamleg for å dokumentere at krava til miljøtilstand i pkt. 11.1 er oppfylt .

Prøvetaking, analysar og fagleg vurdering skal gjennomførast av kvalifiserte og uavhengige organ, desse skal også så langt mogeleg vere akkrediterte for oppgåva.

Minstekrav for miljøgranskingar og overvakingsprogram er:

- Overvakingsprogrammet skal godkjennast av Fylkesmannen. Fylkesmannen skal også godkjenne eventuelle seinare endringar i programmet.

---

[15] *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vannforskriften) av 15.12.2006, nr 1446

[16] Direktoratsgruppa for Vanndirektivet, 2013: Veileder 02:2013 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*, eller seinare utgåve

- Miljøovervakinga skal femne om anlegget sine nærområde i strandsona, overflatevatnet i influensområde, og djupvatn, blautbotnfauna og sediment i sedimenteringsområde.
- Overvaking av sediment og botnfauna med omsyn på eventuell akkumulering av organisk materiale skal tilfredsstille krav i Norsk Standard NS-EN ISO 16665 *Retningslinjer for kvantitativ prøvetaking og prøvebehandling i marin bløtbunnsfauna*. Overvakinga skal gjennomførast minst kvart 5. år ved utsleppspunktet og i ein gradient frå dette punktet, og i sedimenteringsområde. Det skal etablerast faste overvakingsstasjonar som kan følgjast over tid. Det må takast omsyn til straumtilhøve og forventa spreiing av utslepp ved val av desse.
- Første overvakingsrunde skal gjennomførast før anlegget vert teke i bruk.
- Rapportar frå miljøgranskingar skal i vise utvikling sidan siste gransking og trendar over tid.

Verksemda kan etter særskild vedtak bli pålagt å gjennomføre meir omfattande granskingar eller overvaking, dersom Fylkesmannen finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin ureiningseffekt på resipienten, jf. ureiningslova § 51. Verksemda kan også eventuelt bli pålagt å betale for ein høveleg del av kostnadene ved ei felles resipientgransking (enkeltståande eller vedvarande program) i lag med andre som har utslepp i området.

10.3 Rapportering til Fylkesmannen

Alle resultat av overvaking av miljøtilstanden i resipienten skal rapporterast fortløpande på elektronisk format. Rapportar kan sendast på e-post til vårt postmottak fmsfpost@fylkesmannen.no .

Data frå overvaking i vatn, inkludert strandsona, sediment og biota, som er relevante for Fylkesmannen sitt arbeid med å klassifisere miljøtilstand, skal registrerast i databasen Vannmiljø. Overvakingsdata som er relevante for dei nasjonale vassmiljødatabasane, må anten rapporterast direkte inn til databasane, eller leverast til Fylkesmannen på eit format som gjer dei eigna til innlegging[17].

12. Større endringar

12.1. Endringar og utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast endringar i drifta som medfører utskifting av utstyr, teknologi eller installasjonar som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

Ved slike endringar skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast med sikte på å motverke ureining.

12.2. Eigarskifte

Dersom verksemda vert overdratt til ny eigar, skal melding sendast til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast innan ein månad etter eigarskiftet. Dette gjeld også ved namneendring for verksemda.

[17] http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no/

12.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller ikkje skal ha produksjon på meir enn 12 månader, skal den ansvarlege* melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild i meldinga til Fylkesmannen.

*Den ansvarlege er den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget, eigar av anlegget eller brukar av anlegget. Fylkesmannen vil ved behov rette krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må desse avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge den ansvarlege å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege sørgje for at kjemikal, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift[18]. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging skal den ansvarlege syte for at anleggsområdet vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Dersom verksemda ønskjer å starte opp att etter nedlegging/ lengre driftsstans, skal det meldast frå til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

13. Tilsyn

Verksemda pliktar til ei kvar tid å la representantar for Fylkesmannen føre tilsyn med anlegget.

[18] *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) av 01.06.2004 nr. 930, kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

Bromerte flammehemmere	**Vanlige forkortelser**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelser	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C_{10} - C_{13} (kloralkaner C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C_{14} - C_{17} (kloralkaner C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan **(**2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensider	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromuskforbindelser
Muskxylen

Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelser som inneholder PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedete perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelser	
Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP

Bisfenol A	BPA

Siloksaner	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2 - Definisjonar

- Med ***miljøressursar*** som omtalt i vilkår 2.6 og 11.1 meiner vi naturvernområde, naturtypar eller friluftsområde (registrerte i Naturbasen eller andre offentlege verkty) eller plante- og dyreartar (registrerte i Artskart) med sine leveområde.

  http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/

  http://artskart.artsdatabanken.no/default.aspx

- Med ***skadedyr*** i vilkår 2.7 meiner vi både artar som kan vere naturleg utbreidd eller som kan ha kome til som følgje av aktiviteten ved verksemda annan aktivitet i tilknyting til verksemda. Dersom tal individ med eit skadepotensial aukar eller det er fare for at tal individ aukar, må tiltak vurderast / eventuelt setjast i verk.

- Med ***framande artar*** i vilkår 2.7 legg vi til grunn IUCN sin definisjon: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreiingspotensial."

  Dei omtalte risikokatergoriane er svært høg (SE), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld vil liggje føre oppdatert på Artsdatabanken si nettside www.artsdatabanken.no .

- ***Støy***, jf. vilkår 6:
  - Med ***immisjon av støy*** meiner vi eit mål på støybelastning (innfallande lydtrykknivå) på eit punkt ut frå direkte måling og utrekning etter emmisjonsdata (måling ved støykjelda).
  - $\mathbf{L_{den}}$ er A-vegd ekvivalent støynivå per driftsdøgn for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB/ 5 dB skjerping på natt/kveld. Tida i dei ulike periodane er dag: kl. 07-19, kveld: kl. 19-23 og natt: kl. 23-07. L_{den} er nærare omtalt i T-1442 og definert i rammedirektivet for støy (2002/49).

    http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/Februar-2014/Veileder-til-retningslinje-for-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging-T-14422012/

    http://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=CELEX:32002L0049
  - $\mathbf{L_{evening}}$ er A-vegd ekvivalentnivå for perioden på 4 timar mellom kl. 1900 og 2300.
  - $\mathbf{L_{night}}$ er A-vegd ekvivalentnivå for perioden på 8 timar natt i mellom kl. 2300 og 0700. For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.
  - $\mathbf{L_{AFmax}}$ er A-vegd maksimalnivå for dei 5 – 10 mest støyande hendingane innafor perioden, målt/utrekna med tidskonstant "fast" på 125 ms.

- Med ***kjemikal*** i vilkår 7 meiner ein her alle kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukt i verksemda. Døme på slike kjemikal er vaskemiddel, groehindrande middel, legemiddel, hydraulikkvæsker, drivstoff, brannhindrande middel, m.m.